

Frå: Syklistenes Landsforening
Til: Finansdepartementet

Dato: 03.03.2023

Fråsegn til statsbudsjettet 2024 - finans

Aktiv transport løner seg for samfunnet

Nullvekstmålet for personbiltrafikk, dvs. at all vekst i persontrafikken skal takast med sykkel, gange og kollektiv, krev statleg tilrettelegging utover bygging av infrastruktur. Staten må òg bidra til at den openberre samfunnsnytta aktiv transport gjev, vert spegla i dei fordelane kvar enkelt innbyggjar merkjer i kvardagen, både privat og som arbeidstakar. Skattepolitikken fremjar i dag elbil, elmotorsykkel og elmoped, men straks ein tek til å trække, så held staten opp med å fremje transporten. Slik vert måla som gjeld samferdsel, miljø og helse enno vanskelegare å nå.

1. Gjer kjøp av sykkel billigare for fleire

Elsykkel kan være e reell erstatning for personbil på mange reiser, for mange menneske. Diverre er prisen eit hinder for å gje fleire tilgang til den nye, grønne mobiliteten. Unge, studentar, aleineforeldre og andre grupper med dårlig råd, risikerer å hamne utanfor. Det gjeld ikkje minst ellastesyklar, som eigner seg særleg godt til å erstatte bilreiser, men dei er framleis dyre og uvanlege. Difor trengst ei ny vurdering av incentiva til kjøp av både brukte og nye elsyklar og ellastestyklar.

Konkret råd:

- Regjeringa innfører fritak frå meirverdiavgift knytt til kjøp av elsyklar.

2. Bidra til at reparasjon og vedlikehald vert gunstigare enn nykjøp

Mellom 60 og 80 prosent av miljøpåverknaden globalt er knytt til dei private hushaldningane, og 80 prosent av karbonutslippa dette forbruket kjem frå produksjon av varer som vert kjøpt inn. Det gjelder også syklar, sjølv om nyproduksjonen av en sykkel har et minimalt fotavtrykk sammenlignet med andre kjøretøy. Staten lyt bidra til at reparasjon som teneste kan konkurrere på pris med å kjøpe nye ting som gjev eit større miljøfotavtrykk. Syklar er gode døme på ting som, med godt vedlikehald, kan halde lenge. Diverre løner det seg ofte økonomisk å kaste, framfor å setje i stand.

Konkret råd:

- Regjeringa innfører fritak for meirverdiavgift knytt til reparasjon av syklar.

3. Lat støtte til jobbsykkel reknast som velferdstiltak på arbeidsplassen

I dag vert tilrettelegging for trening i nokon grad rekna som eit rimeleg velferdstiltak som er skattefritt, men i den grad tilrettelegginga kan nyttast av andre enn tilsette eller ikkje direkte heng saman med høvet til å gjere jobben, vert tilrettelegginga fordelsskatta dei tilsette. Slik kan arbeidsgjevar delvis sponse treningsavgift skattefritt, medan ein ikkje kan gje tilsette som får fysisk aktivitet på sykkel til jobb eit tilsvarande gode. Skattefrie godar for aktiv mobilitet er viktig fordi hjelpsame omgjevnader på jobben gjer det praktisk å late sykling verte ein del av kvardagen.

Konkret råd:

- Regjeringa sidestiller støtte til sykkel og sykkelutstyr med støtte til treningscenter i skattereglane som gjeld velferdstiltak.

4. Godtgjer aktiv sykkeltransport i tenesta

Tidlegare, fram til 2016, fekk tilsette skattefrie godtgjersle for bruk av eigen sykkel i tenesta. Godtgjersla i Statens reiseregulativ tek sikte på å kompensere den tilsette sine utgifter til drift og vedlikehald og slitasje på eget framkomstmiddel. Satsen lyt, i det minste, kome attende og harmoniserast med satsen som vert gjeve for bruk av framkomstmiddel som liknar sykklar, til dømes moped. Ein alternativ og betre løysing, er å nytte skattepolitikken for å fremje bruken av aktiv sykkeltrafikk i tenesta, med ein sats som er dobbelt så stor som satsen for bil. Korte tenestereiser på sykkel gjev arbeidsgjevaren ei effektiviseringsvinst som òg kan vise seg i lågare fråvær grunna sjukdom.

Konkret råd:

- Alternativ 1: Regjeringa innfører skattefrie sykkelgodtgjersle i Statens reiseregulativ §7 om bruk av eigne framkomstmiddel med same sats som vert nytta for moped.
- Alternativ 2: Regjeringa innfører skattefrie godtgjersle for aktiv transport med sykkel i Statens reiseregulativ med ein sats som er den doble mot satsen for bruk av bil, for å spegla vinsten arbeidsgjevaren vil ha av at tilsette får betre helse.

Ta gjerne kontakt om de har spørsmål,

Emil Rensvala
Konstituert generalsekretær
emil@syklistforeningen.no
41 21 34 84

Helle Beer Urheim
Fagrådgjevar
helle@syklistforeningen.no
971 53 107

